

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM FITJAR KOMMUNE OG FITJAR IDRETTSRÅD



1. Bakgrunn og formål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalmiljø der det er stor aktivitet i trygge og gode anlegg. Plan for idrett og friluftsliv er eit forpliktande arbeidsdokument som skal danna utgangspunkt for det lokale samarbeidet. Kommunen og Fitjar Idrettsråd må difor møtast for å avklara og drøfta dei idrettspolitiske sakene som ligg føre i kommunen.

2. Samarbeidet

Alle saker som vedkjem idrett og anlegg skal handsamast i idrettsrådet. Det betyr at kommunal leiar for idrett og kultur informerer idrettsrådet om aktuelle saker som vert handsama i kommunen slik at idrettsrådet får høve til å kome med uttale om sakene. Idrettsrådet skal informera kommunen om saker som vert tatt opp i idrettsrådet.

Idrettsrådet skal vera ein uttalepart når kommunen handsamar handlingsplan for idrettsanlegg. Alle arealplanar og reguleringsplanar som får innverknad for anlegg og planlegging av nye anlegg i kommunen, skal idrettsrådet ha høve til å koma med uttale.

3. Rammer for samarbeid

Idrettsrådet skal årleg ha to møte med kommunen der idrettsrådet gir ei tilbakemelding på aktivitetar og behov frå idrettslaga. Møta vert lagt til mars og september månad. Kommuneleiinga informer om aktuelle saker som har innverknad på laga sine aktivitetar.

Det kan bli fleire møte etter avtale viss naudsynt.

På møtet skal *Plan for idrett og friluftsliv* vera eit fast innslag som skal drøftast.

Idrettsrådet skal kome med synspunkt vedrørande prioritering av søknader om spelemidlar. Kommunen skal vera ein aktiv samarbeidspart ved søknad om midlar til aktivitet og anlegg både ved rettleiing og anna kompetanse.

4. Revisjon og oppseiing av planen

Avtalen er gjeldande fire år framover, men avtalen kan reviderast under vegg. Begge partar kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel

Fitjar, 25.11.2019

Stad/dato

.....

Fitjar kommune

.....

Fitjar Idrettsråd